

INFORMASJON

HELG OG HEIM

KYRKJELYDSBLAD FOR FØRDE OG NAUSTDAL

NR. 3

SEPTEMBER 2020

78. ÅRGANG





DEN NORSKE KYRKJA
Sunnfjord kyrkjelege fellesråd

FØRDE KYRKJEKONTOR

Kyrkjevegen 23F, 6809 Førde
Tlf.: 57 82 81 80
www.sunnfjordkyrkja.no
sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

OPNINGSTID:

Måndag – fredag kl. 09 – 15

Prost: Knut Magne Nesse

Prostiprest: Runar Matsui-Li

Sokneprest: Ingvald Andersen Frøyen

Ungdomsprest: Carsten Langeland

Diakoniarbeidar: Ingvar Vagstad

Diakon/frivilligkoordinator:

Inger Cesilie Fitje

Kyrkjesekretær: Kari Skullerud Holsen og

Toril Øye (Førde og Jølster)

Kyrkjevevjerje: Inger Hageberg Øvrebø

Assisterande kyrkjevevjerje:

Trond Herløvsund

Kantor: Gro Gunnarson og

Asbjørn Flåm

Kateket: Heidi V. Styve

Kyrkjelydspedagog: Ute Lindner og

Gry Sætre

NAUSTDAL KYRKJEKONTOR

Kommunehuset,
postboks 90, 6806 Naustdal
Tlf.: 57 82 81 80
sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

OPNINGSTID:

Tysdagar kl 9-15.

Ta kontakt for anna avtaletidspunkt.

Sokneprest: Rigmor Frøyen

Arbeidsleiar: Ellinor Wergeland

Kyrkjesekretær: Sigrun Solheim Savland

Kantor: Erlend Os

Kyrkjelydspedagog: Jenny Ødven Snildal

FØRDE KYRKJE

Kyrkjegardsarbeidar:

Terje Sæle og Oddbjørn Steinsund

Kyrkjetenar: Terje Sæle, Leonard Subrescu,

Jarand Fitje og Ingrid Sofie Flaten

HOLSEN KYRKJE

Klokkar: Tor Arild Nydal Holsen

Reinhald: Jorunn Holsen

HAUKEDALEN KYRKJE

Kyrkjetenar: Bodil Øvsthus Frøysland

NAUSTDAL KYRKJE

Klokkar: Jenny Ødven Snildal

Kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar:

Leonard Subrescu

VEVRING KYRKJE

Klokkar/kyrkjjetenar:

Mette-Elin Standal Sæther

– Kyrkjevevjerja –

Nytt frå redaksjonen

Haustsemesteret er i gang, nesten som før!

Når dette nummeret kjem ut, er haustsemesteret godt i gang. Med koronatilpassningar har det kyrkjelege livet vakna etter nedstenginga. Vakuumpveka i Førde var det første trusopplæringatiltaket som vart gjennomført, med 45 deltakarar. Andre tiltak har gradvis starta opp. Om det er mindre aktivitet i kyrkjelydane, er det nokon som har det travelt. Nye konfirmantkull har starta opp. På same tid skal forrige kull få gjennomført sine konfirmasjonar. For fyste gong har vi konfirmasjonar om hausten i kyrkjene i Sunnfjord. Det er òg stor pågang for dåp, og det er no fleire eigne dåpsgudstenester i tillegg til dåp på vanlege gudstenester.

I forrige nummer hadde vi intervju med avtroppande prost Reidar Knapstad. No har vi fått ny prost, Knut Magne Nesse. Du finn eit intervju med han i bladet. Intervjuet er skreive for kyrkjebladet «Hyrdingørysta» i Jølster, og kan godt lesast av fleire i Sunnfjord. Vi kjem nok til å ha meir felles stoff framover.

Nye ungdomsmedarbeidarar

I Førde kyrkjelyd har det lenge vore tilsett ungdomar i deltidstillingar. Dei kan ha i oppgåve å vere tekstlesar eller styre lyd

I haustnummeret har det tidlegare vore ein giro stifta fast i midtsidene. Denne gongen har vi brukt siste side til betalingspåminning, dette for å spare pengar. Sjølv om mykje blir gjort på dugnad, kostar det mykje å lage eit blad og sende ut til alle husstander. Vi får nokre inntekter frå våre trufaste annonsørar, men vi bør ikkje bruke meir plass til annonsar på bekostning av redaksjonelt stoff. Difor ber vi om at du som ser nytten av openheit om kva som rører seg i kyrkja, støtter oss med bladpengar/gåver!

Vi minner og om nettsida sunnfjordkyrkja.no. Vi klarer ikkje å få med alle hendingar i kyrkjelydane i Helg og Heim, då reglane for kva som kan arrangerast stadig blir endra. Det krev at vi alle må vere meir aktive og oppsøke informasjon om kva som skjer.

Ta gjerne kontakt med kyrkjekontora om du lurar på noko!

på gudstenester, eller vere medhjelparar i trusopplæringa. No er to nye ungdomar tilsett: Inger Sofie Flaten og Jarand Fitje.

HUGS BLADPENNGAR! SJÅ INFORMASJON PÅ SISTE SIDE.

HELG OG HEIM

Ansvarleg utgjevar av **Helg og Heim** er sokneråda i Førde, Naustdal og Holsen og Haukedalen. Stoff og bilete kan sendast til:

- hanne.schnitler@enivest.net
- jenny.snildal@gmail.com
- ingvar.vagstad@sunnfjordkyrkja.no

Adresse:

Helg og Heim,
Kyrkjevegen 23 F, 6809 Førde

Utgivingsplan for 2020

Nr. 4. 2020

Stofffrist:

I posten veke 49

Onsdag 28. oktober

Det kan komme

endringar.

Redaksjon:

Jenny Snildal, Ingvar Vagstad og Hanne Schnitler

Grafisk utforming:

Firda Tidend, Sandane

Trykk:

Husabø Prenteverk, Leikanger



Framsidedfoto: Stølsmesse på Rørvikstølen. Foto Bodil Frøysland.

VELKOMMEN TIL KVARDAGSMESSE

Velkommen til kvardagsmesse – med rom for ettertanke og det å vere stille!



Rune Joar Larsen er ofte å sjå i kyrkja – både søndag og andre dagar. Han seier dette om kvar-dagsmessene:

«Hverdagsmesse skjer sånn midt i uka omtrent, på en tid det er mulig å komme seg til kirken etter arbeidstid og middags-tid. Du møter vennlige mennesker, kir-ken er oppvarmet og lysene er tent; nokså likt de mange søndagsgudstjenestene.»

Jeg opplever det gjør godt å bare få være i kirken. Ta inn både kirkekunst og den atmosfære som kirken innbyr til. Nå er er det mange bygninger jeg liker å være i. Men det som gjør kirkerommet så spesielt, og som skiller seg fra alle andre bygninger, er dette; den har lagt så godt til rette og legitimerer både bønner og sakramentene. Hvilket annet offentlig rom har slik åpenhet for å be, ta i mot nattverd og høre Bibelen bli lest?

Under hverdagsmessene er det lagt til rette for å kunne være mer aktiv og mer stille. Det er opp til en selv hva en ønsker å delta i. Bønnevandringen har flere stasjoner vi kan ta del i. Det å skrive en bønn og legge den anonymt i ei bønne-

krukke som blir tatt med i felles bønn ved alteret. Det å kunne gå til alterringen og bli bedt for og/eller velsignet av prest eller diakon. Det er og lavere terskel for å be om samtale med noen, i hvertfall kan det oppleves slik.

Om ikke alltid, så blir det ofte snakk om teksten som ble brukt i dagens hverdagsmesse. De ulike svarene er ikke mer riktige eller gale fordi deltakerne lytter til hverandre. Det er det som gjør bibellesning sammen og hver for seg så unikt. Hva så og hørte du når du leste teksten? – Eller kanskje folk velger å snakke sammen om noe annet, for det er stort samtalerom i kirken.

Den tradisjonelle preken finnes ikke i hverdagsmessene. Vi får utlevert en evangelietekst med en enkel metode for å lese, slik at bibelteksten kan tale mer direkte til deg der du lever ditt liv. Valg av salmer og sanger er med på å understøtte og åpne for tekstens mangfoldige innhold. Alt i alt er hverdagsmesser et godt supplement til søndagens gudstjeneste.

Prøv en hverdagsmesse! Det er plass til mange flere, både godt voksne og ungdommer!» - oppfordrar Rune Joar Larsen.

Ein torsdag kvar måned inviterer vi til kvardagsmesse i Førde kyrkje.

Datoane i haust er:

- 24. september
- 22. oktober
- 26. november

Kvardagsmessene startar kl. 19.00 og varer om lag ein halv time. Etterpå inviterer vi til ein kopp kaffi/te i kyrkjerommet.

Kva skjer med misjonsprosjekta som kyrkjelydene støtter?

Kyrkjelydene våre støtter ulike misjonsprosjekt i regi av Det Norske Misjonsselskap (NMS). Fleire av landa der NMS har arbeid, er sterkt prega av konflikhtar, og har no fått koronaepidemien som nok ei utfordring. Naustdal og Førde støtter NMS sitt arbeid i Mali. Teksten under er henta frå NMS sin Maliblogg.

Uroligheter og drap i Mali

Siden korona-pandemien kommer på toppen av de store utfordringene Mali allerede har knyttet til sikkerhet og ulike militsgrupper som herjer, trenger landet vår støtte mer enn noen gang.

Tekst: STINA AANDERAA NEERGÅRD

Avisen Vårt Land, og en del andre norske medier, hadde nettopp en sak om et angrep på en fulani-landsby i sentral-Mali, med mer enn 20 drepte. Slike angrep skjer så ofte at det ikke alltid regnes som en nyhetssak lenger. På grunn av urolighetene er det nå over 30 000 flyktninger i Region Mopti, der misjonen tidligere hadde sitt hovedkontor. Bekymret for en sårbar befolkning

Landsbyutviklingsprosjektet NMS støtter i Mali ønsker å bidra til å redusere smitten og å hjelpe sårbare grupper til å kunne beskytte seg selv. Selv om hovedkontoret ble flyttet til hovedstaden av sikkerhetsgrunner, fortsetter landsbyutviklingsprosjektet sitt arbeid midt i den mest urolige delen av landet.

Gabdo Cisse som er leder for landsbyutviklingsprosjektet sier hun er bekymret over at befolkningen ikke tar forhåndsre-



Tilgang til reint vatn er ei utfordring i Mali. Ill.foto Helge Naustdal.

glene som er nødvendige for å beskytte seg. Det kan handle både om uvitenhet og om at vannmangel, matmangel og boforhold gjør det umulig å følge reglene. Nå setter de i gang med korona-forebyggende tiltak.

Det skal settes opp 80 «vaskestasjoner» i flyktningeleirer. I et land der både vann og såpe er luksusvarer for mange mennesker, er tilgang til å vaske hender av stor betydning. Utstyr for å sette opp vaskestasjoner og såpe fordeles også i landsbyene gjennom ressurspersoner som er knyttet til prosjektet. Det skal også settes opp «vaskestasjoner» for håndvask på ni kommunale helse-sentre.

I tillegg produseres det radioprogrammer med informasjon om Covid 19 på ulike lokale språk, og prosjektarbeiderne underviser om viruset og hvordan man kan beskytte seg når de har møtepunkter med lokalbefolkningen. ■

Meir informasjon om arbeidet i Mali finn du på NMS sine nettsider. I koronatida har det blitt mindre offerinntekter på gudstenestene. Har du lyst til å gje ei ekstra gåve til dette arbeidet?

VIPPS: Førde kyrkje/sokn – offer 93395
Kontonummer Førde sokn: 3705.15.33896
Merk innbetalinga «Mali»

arki

ARKI arkitektar AS

Angedalsvegen 4
6800 Førde

Nettside: arki.no



EXTRA

NAUSTDAL



Best

NAUSTDAL



Velkommen til oss!

Elvevegen 1, Førde
(ved Kunstmuseet)

Måndag 11-17

Tys., ons., fre., laurdag ... 11-15

Torsdag 11-18

Tlf. 404 33 220

MILJØ MØTEPLASS MISJON

Velkommen til den nye prosten i Sunnfjord

For ikkje lenge sidan vart sokneprest i Kinn, Knut Magne Nesse, tilsett som ny prost i Sunnfjord. Han skal fylle skoa til Reidar Knapstad som fyller 70 år og går av.

Tekst: HALLSTEIN DVERGSDAL Foto: KNUT MAGNE NESSE

– Dette gler eg meg til, men det blir nok litt annleis enn å vere sokneprest, seier Nesse som ser på det å skulle inspirere prestane i prostiet til å gjere ein god jobb, som kanskje den viktigaste oppgåva som prost.

Må tenkje nytt

Prosten skal vere arbeidsgjevar for dei andre prestane i prostiet, ei oppgåve Knut Magne Nesse har tenkt å ta på alvor.

– Ved sida av å vere arbeidsgjevar, så er mi rolle også å hjelpe og støtte prestane i deira arbeid, seier Nesse som også er oppteken av at kyrkja må tenkje nytt.

– Der har eg tenkt å vere offensiv, for dette med å fornye seg og tenkje nytt, det trur eg blir veldig viktig framover. Sjølv har eg drive mykje med pilegrimsvandring og friluftsgudstenester. Og i kyrkja på Kinn har vi ope hus i seks veker i sommar, der det blir tidebøn til faste tider. Dette er det frivillige som står føre, og dei kjem att år etter år, fortel Nesse som peikar på at dette med å skaffe frivillige til arbeid i kyrkja, vil bli svært viktig framover.

– Dette er både viktig og vanskeleg, men vil vere heilt avgjerande, slår han fast.

Blir innsett til hausten

Knut Magne Nesse skal ta til i arbeidet som prost i august, men blir formelt innsett i september. Det skal skje i Førde Kyrkje, og på same tid skal noverande prost, Reidar Knapstad takkast av.

– Du er 45 år og kan såleis ha 25 år føre deg om du blir sitjande like lenge som Knapstad?

– Eg veit no ikkje om eg blir verande i stillinga så lenge. Det får vi sjå etter kvart. Men eg hadde lyst til å bli verande i Sunn-



Den nye prosten har si noverande gjerning i havgapet lengst vest i Sunnfjord.

fjord ei stund til og eg har nett kjøpt hus i Florø. I tillegg har eg fire jenter som går på skule der, så då er det naturleg å bli verande ei tid. Så når denne sjansen baud seg, så slo eg til, fortel Nesse som var på pilegrimsvandring mellom Kinn og Selje då vi snakka med han.

– Korleis skal du gå fram for å balde oppe kyrkjesøknaden?

– Ute i dei små grendene og bygdene, som kanskje slit med fråflytting og forgubbing, gjeld det å skape identitet og tilhøyrse til kyrkja. Det kan vere både gjennom gudstenester og andre samlingar.

På dei større plassane gjeld det å tenkje nytt når det gjeld å få ungdomane til å bruke kyrkja. Elles har vi no sett no under koronapandemien, at fantasien har blomstra rundt om med gudstenester og andre aktivitetar på digitale plattformer.

– I Jølster var det tre køyr inn-gudstenester.

– Ja, det har eg fått med meg og det er veldig bra.

Godt kjend

Den nye prosten har vore i Sunnfjord i 18 år og er godt kjend i området. I Jølster har han vore fleire gonger og gjennom familieband har han vore fleire gonger i Helgheimskyrkja. Han hugsar også ein gong han var med på ein pensjonisttur til Jølster, der dei hamna i Stardalen med dåverande soknerådsleiar Inger Veiteberg som guide.

– Eg veit ikkje når eg kjem til Jølster som deltakar i ei gudsteneste eller andre ting. Men berre finn på eitt eller anna moro, så kjem eg er beskjeden frå den nye prosten som altså tek til i jobben etter sommarferien og som gler seg til å ta fatt på si nye gjerning.

Vi ønskjer den nye prosten lukke til.

Dette intervjuet er henta frå *Hyrdingørøysta*, kyrkjeblad for Jølster. Knut Magne Nesse tok til i stillinga som prost i Sunnfjord 1. september.



Her er Sigrid i prat med Olauåg Åmot, ein av dei faste besøkjarane. Foto Ingvar Vagstad

Gler seg over besøk og felleskap

Sigrid Veiteberg ved Førde Omsorgssenter set stor pris på at det endeleg er rom for å ta imot besøk.

Andaktane på Førde Omsorgssenter (Helsetunet) er i gong att, med nokre tilpassin-

gar. Dei som bur i dei ulike etasjane kan ikkje møtast. Dei må halde seg i kvar sin etasje, men der kan dei vere i fellesareala ut mot eit atrium, slik at alle ser og høyrer andaktshaldaren. Om det ikkje er som før, set i Sigrid Veiteberg pris på det som skjer. Sigrid kan òg ta i mot hjelp frå besøkstenes-

ta, slik at ho kjem seg ut ein tur, og kjem seg til kyrkje på søndagane.

Sigrid fortel at ho har sakna besøk og kjent på større einsemd dei siste månadene. No ser ho fram til andakter, gudstenester og andre samlingar. Og ikkje minst at nokon stikk innom.

Det blei Vakuumveke i år og!

Siste veka i sommarferien er det Vakuumveke i Førde, ei aktivitetsveke for barn 7-10 år. Vakuumveka er ein del av trusopplæringa for kyrkelydane i Førde, Holsen og Haukedalen.

Tekst og foto: GRY SÆTRE

I år hadde vi ei annleis Vakuumveke, grunna reglane for

smittevern. Vi delte barna inn i tre grupper, som hadde aktivitetar i kvar si etasje på Førde Kyrkjetun. Gruppene var på 14-16 barn og hadde faste vaksne med seg.

Kvar dag hadde barna fire ulike aktivitetsøukter. Aktivitetane var kor, misjonsstasjon, bibelknask, og vandring i kyrkja. I tillegg hadde vi formingsgrupper, tur, kanopadling, film og bading i terapibassenget.

Gjennomgangstemaet for Vakuumveka var historia om



Noa. Vi avslutta veka med ein konsert for foreldre og andre pårørande, der vi sang utrag frå

musikalen Noah av Ivar Skipper-vold.

Gjekk det verkeleg bra?

Knut Nordeide (24), teologistudent frå Førde, har vore prestevikar i Sunnfjord denne sommaren. Korleis det har vore å jobbe som prest på heimstaden?

Tekst og foto: HANNE SCHNITLER

Vi møter Knut Nordeide siste arbeidsveka før han reiser frå Førde. Han skal snart ta til med 5. studieåret på Menighetsfakultetet i Oslo.

– *Korleis har det vore å jobbe som prestevikar på heimstaden?*

– Medstudentane mine spøkte med at ingen kan vere profet i eigen by, men eg har ikkje tenkt slik. Eg kjente jo fleire av dei tilsette, og staben her har vore utruleg gode til å gi informasjon og støtte meg undervegs. Men eg kom utan mykje erfaring, og særleg i forkant av gudstenestene har eg vore ganske nervøs.

– *Du har hatt ansvar for gudstenester med liturgi, preike, dåp og nattverd; det er mykje å halde tråden i. Korleis har det gått?*

– Den siste gudstenesta var den mest omfattande, og då tenkte eg etterpå: «Gjekk det verkeleg bra?» Sjølv om eg har vore spent i forkant, har eg kjend meg roleg når klokkene ringte og eg hadde alt eg skal seie skriftleg framfor meg. Men med tre forventningsfulle dåpsfamiliar og mange born som ville leike med dåpsvatnet, er eg glad eg klarte å konsentrere meg om det eg skulle. Potensialet for at noko kunne gå gale var ganske stort, men eg har og tenkt at folk ber over med dei feila ein student gjer.

Sunnfjordingane eg har møtt har forresten vore veldig positive og heia på meg og gitt meg støttande kommentarar til at eg vel å bli prest.

– *Korleis førebur du deg på å halde preike?*

– Vi er fleire tilsette som møtast veka før og snakker om bibelteksten og deler tankar om den. Det har vore veldig nyttig. Eg nyttar elles ulike kjelder og ser korleis andre har tolka teksten. Eg tenkjer og gjen-



Knut Nordeide har hatt god erfaring som prestevikar i sommar!

nom kva eg sjølv har opplevd og kva som skjer i samfunnet som kan ha samanheng med teksten. Eg har heldigvis ikkje hatt like mange gjeremål som dei faste tilsette, så eg har fått god tid til å førebu meg.

– *Ja, kva for andre oppgåver har du hatt, det er vel ikkje alt ein student kan settast til?*

– Som student kan eg ikkje ha vigslar. Eg har heller ikkje deltatt i så mange møter, hatt undervisning, eller vore med på trusopplæringstiltak. Men eg har hatt fleire gravferder med samtalar med dei pårørende i forkant, og eg har hatt dåpssamtalar i forkant av dåp. Gravferdene var god erfaring å få med seg. Dei eg møtte var opne, og eg opplevde at det blei gode samtalar. Alt i alt har eg fått med meg ganske mykje denne sommaren.

– *Kva gjorde at du valde å studere teologi?*

– Eg har alltid hatt ein trygg kristen iden-

titet. I barndomen var eg med på søndagsskulen på Solvang og gjekk i Minigospel. Ja, no får du litt av trushistoria mi! Ei kort tid i Deciding hadde eg og. Men seinare i ungdomstida var eg ikkje med i noko kristent miljø, og trua var så og seie i dvale. Først på Rønningen folkehøgskule i Oslo fann eg eit kristent miljø med jamnaldrande. Det vart eit viktig år. Derfra bar det rett til teologistudiet, sjølv om eg ikkje kjente nokon andre som skulle studere der.

– *Og no er du klar til å fortsette studiet?*

– Ja, no har eg fått prøve meg i praksis og har fått enda meir motivasjon for presteyrket. Eg kjenner òg at det skal bli godt å få meir teoretisk kunnskap om til dømes sjelesorg og leiing gjennom studiet.

Helg og Heim ynskjer lykke til på vegen mot presteyrket!

Ny gudstenesteordning — no igjen??

I 2011 vart ny gudstenesteordning innført i Den norske kyrkja. No skal ordninga reviderast.

Tekst: RIGMOR FRØYEN,
sokneprest i Naustdal

Vi har vent oss til ei gudsteneste med samlingsbøn, Hallelujavers og nye måtar å feire nattverd på. Nye liturgiske melodiar har blitt innført, og vi har brukt tid på å lære desse. Kwart sokneråd skal no vedta endeleg form på gudstenesta, der ein kan gjere nokre justeringar. Ordet «justering» fortel at det ikkje er snakk om store endringar, men høve til å sjå om ein vil gjere nokre grep.

Då dagens ordning vart vedteken, var det høve til å velje nye melodiar til dei liturgiske ledda. Utvalet var stort, og det var eit krevjande arbeid med øving og prøving. Det medførte at ulike melodiar vart valgt frå stad til stad. Førde har til dømes hatt andre melodiar på Kyrie og Gloria enn i Naustdal. Kyrkjegjengarar som har våga å forflytte seg til andre kyrkjer, har gjerne kjent på frustrasjon over at det ikkje er likt alle stader. Ein sentral tanke med ny ordning var å få til ei «stadeigen» gudsteneste. Difor har det vore eindel variasjonar. Det kan på same tid føre til



kjensle av å kjenne seg framand når ein deltek i gudsteneste ein annan stad.

Kva skjer med liturgisk musikk? Kyrkerådet har vedteke 5 ulike musikk-seriar som skal ein kan velje blant. Det vert arbeidd med dette utover hausten. Kantorar, prestar, sokneråd med fleire er i ferd med å gå gjennom stoffet. Det vert soknemøte i Naustdal 11. oktober, Førde kyrkje og Haukedalen kyrkje 18. oktober. Då legg sokneråda fram forslag til justert ordning og kva liturgisk musikk ein vil gå inn for. Vi vonar at vi kan finne mest mogleg felles løysingar i Sunnfjord, slik at ein kan kjenne seg igjen i gudstenesta frå stad til stad. På same tid må det vere fleksibelt, slik at vi kan halde fast på gode ordningar som fungerer i ulike sokn.

Stølsmessene

Stølsmesser har vore gjennomført på ulike stølar i området så lenge folk kan hugse.

Tekst og foto: BODIL FRØYSLAND

I Haukedalen var det stølsmesse på Rørvikstølen søndag 2. august 2020. Stølen ligg fint til like ved gamlevegen på Rørvikfjellet med utsikt til Haukedalsvatnet.

Det er ofte spenning knytt til friluftsgudstenester. Vert det for mykje regn? Kor mange vil møta opp når vermeldingane ikkje er så gode?

Søndag morgon var det regnbyger, men både grunneigar og prest var innstilte på at

Friluftsgudsteneste



Naustedalen Spelemannslag på Antonshogen.

På Antonshogen i Instedalen i Naustdal står det ein høg bautastein. Steinen vart reist til minne om to brør frå Svorstøl som var med i krigen mot Sverige i åra 1807-1814. Steinen vart avduka 7. juni 1914.

Tekst: JENNY Ø. SNILDAL
Foto: RIGMOR FRØYEN

I mange år var det vanleg at folk samlast ved bautasteinen 7. juni med ei markering.

NMS Misjonsmesse

Laurdag 31.oktober er dagen for NMS (Det Norske Misjons-selskap) Sunnfjord si årlege misjonsmesse på Førde kyrkjetun.

Program for dagen er ikkje klart enno, men vi opnar kl 12.00. Meir informasjon vil kome. Merk deg dagen og kryss av i kalender/ legg inn dato på mobil-kalender.

Ynskjer du å bidra med noko?

Vi har bruk for mange slags «heimelaga» varer, og gevinstar til åresal, tenk gjerne på at det kan etast eller er til praktisk bruk.

Kanskje du ynskjer vere praktisk medhjelpar? Ta kontakt med Rigmor Frøyen (489 57 436) eller Svanhild Ask (952 19 558)

For messekomitéen: Rigmor Frøyen



i Sunnfjord har lange tradisjonar

det vart tur til støls. Det meinte tydelegvis mange andre også, for då stølsmessa starta var 45 personar frå fleire bygder samla ute på stølen. Prest Carsten Langeland snakka blant anna om at ein ikkje treng bekymra seg. Sola viste seg under preika og understreka at det i alle fall ikkje var grunn til bekymring for veret denne dagen! Me fekk ei fin stølsmesse saman og høve til prat og ein matbit etterpå – og alle kom seg truleg heim att før regnet var tilbake.

Takk til grunneigar for stølskaffi med noko attåt og for at me fekk samlast på Rørvikstølen!



Stølsmesse på Rørvikstølen.

e på Antonshogen



I seinare tid har det av og til vore gudsteneste der, sist gong i juni i år. Bort i mot 80 personar fann vegen til Antonshogen for å feire gudsteneste. Gudstenesta var ved sokneprest Rigmor Frøyen og kantor Erlend Os. Sistnemnde hadde teke med trekkspele som tonefølge til salmane.

Naustedalen spelemannslag gledde kyrkjelyden med fine musikkinnslag.

Stemminga var god etter gudstenesta, dei framførte tok seg god tid og koste seg med eigen mat og drikke. Veret kunne ingen klage på, først når folk var i ferd med å bryte opp kom det nokre få regndropar.



Runar Matsui-Li held preike på Gulefjellet

Stølsmesse på Gulefjellet i Holsen

Stølsmessa i Holsen var i år på Gulefjellet. Dagen baud på det det finaste augustværet som ein kan ynskje seg til eit slikt arrangement.

Text og foto: KÅRE HØGSETH

Gunn Heimestøl ynskta på vegne av SR i Holsen og Haukedalen velkommen til stølsmesse.

Det var ca 25 pers. som hadde funne vegen til støls denne fine søndagen. Anne Berit Holsen hadde opna opp stølshusa sine og hadde stelt til fine sitteplassar for gjestane ute rundt husa.

Prest denne søndagen var Runar Matsui-Li. Inger Hageberg Øvrebø spelte kornett og Keiko Matsui-Li spelte blokkfløyte i salmane, eit godt og flott alternativ på mangel av kantor.

Etter preika var det matykt ute i det fri og praten gjekk fritt og lystig. Anne Berit hadde på morgonkvisten fått tid til å lage ei kjempegod kringle som ho serverte til gjestane med kaffi og saft til, dette var ei koseleg stund. Etter matykta fortalde Gunn litt om stølen, område rundt Gulefjellet og stølsdrift i gamle dager. Etter kvart begynte folk å røre på seg å trekke på heimveg eller vidare inn i fjellet og eit kjekt og flott stølsstemne var over.

Kven skal eige Førde kyrkjetun?



Førde kyrkjetun vart bygd i perioden 1999 - 2002, og mykje vart gjort på dugnad. Stiftinga Førde kyrkjetun vart oppretta for å stå for bygging og drift.

Førde Kyrkjetun er i dag ei stifting. No er det kome opp spørsmål om å avvikle stiftinga og overføre eigarskapen til Førde sokn. Bakgrunnen for dette er at Kyrkjelova vert endra frå nyttår, og at ein særregel for avvikling av stiftingar som driv kyrkjeleg aktivitet då fell bort. Det er argument

både for og imot ei slik endring, og det vil bli orientert om saka på soknemøtet 18. oktober. Dersom stiftinga vert oppløyst er det Førde sokn som tek over eigarskapen og ansvaret for drift og vedlikehald. Det bør då framleis vere eit eige husstyre, men rekneskap og ansvar for den som er tilsett vil då gå gjennom soknet. For at stiftinga skal bli avvikla må det vere semje om dette mellom styret for stiftinga, Soknerådet og Fellestrådet. Endringa kan skje frå nyttår.

*Bjørn-Harald Haugsvær
Leiar Førde sokneråd*

LOPPEMARKNAD

PÅ FØRDE KYRKJETUN
17. oktober 2020 kl. 10.00-14.00

Sal av lopper og kafé med salt og søtt.

Velkommen til ein hyggeleg marknadsgang med gjenbruk som motto!

Vi tek imot lopper fredag 16. oktober frå kl 12-19. Har du større kvanta eller møblar, kan vi ta imot/hente etter avtale.

Lopper vi ønsker er til dømes: Leiker, møblar i god stand, servise, gode barneklede, aktivitetsutstyr, elektriske artiklar, kjøkkenutstyr og pynteting.

Vi tar ikkje imot leksikon og klede og sko til vaksne!

Kontakt for levering/henting:
Jostein Tjugum, 41 56 96 38 - SMS
Førde Kyrkjetun tlf. 99 15 13 07
www.fordekyrkjetun.com

TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED?

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no



SOS
22 40 00 40

SOS
CHAT

KIRKENS
SOS

Spesialist på gamle klokker, veggur, lommeur og armbandsur


Har klokka di høg personleg verdi - er den kanskje eit uerstatteleg arvestykke? Treng den ettersyn - reparasjon eller restaurering?

Urmakarverkstad i Førde med ekspertise og lang erfaring på reparasjonar av alle typar ur. Henting og levering etter avtale om ønskjeleg. Gratis, fast prisoverslag. 6 års garanti på overhaling av veggur.



Roger Pettersen A/S

OFFENTLEG GODKJEND URMAKAR
6810 Førde - tlf. 907 32 380



Trusopplæring i Førde

STØRST AV ALT

TILBOD TIL BORN OG UNGDOM

Spiren

Spiren er Førde kyrkjelyd sitt tilbod til dei minste, òg kalla babysong.



Spiren blir arrangert på Førde Kyrkjjetun kvar torsdag kl. 11:15. Vi syng saman og legg vekt på rørsle og rytme. Målgruppa er barn frå 0 til 1 år. Ta gjerne med lunsjmat, så vi kan ete saman ca. kl.11:45, etter baby-songen. Det er ingen påmelding eller avgift, men vi ber om namn og alder på barnet, og namn og telefonnummer til pårørande.



Tårnstova

Under nokre av gudstenestene i Førde kyrkje inviterer vi dei minste barna til ei samling i tårnet. Samlinga kallar vi Tårnstova. Der fortel vi ei bibelforteljing og syng saman. Vi oppfordrar føresette til på å vere med barnet opp i tårnet om dei er usikre.

Datoane i haust er:

- 11. oktober
- 1. november
- 8. november

Søndag for alle

- eit tilbod for heile storfamilien frå 0 – 100! Velkommen til måltidsfellesskap og gudstenestefeiring! Middag på Førde kyrkjjetun kl. 16.00 og gudsteneste for små og store kl. 17.30.

18. oktober
22. november

«Ope hus» 10 – 13 år

For barna frå 10 år startar vi opp med «Ope hus» på Førde kyrkjjetun, ei uformell samling ein fredagskveld i månaden, frå kl. 18.00 til kl. 20.00. Det vert sendt ut innbyding til 10-åringane, men er tenkt å vere for alle barn mellom 10-13 år. Dei neste samlingane blir 23. oktober og 20. november

Lys Vaken

Adventskveld for 11-åringar, 5. desember kl. 18.00 i Naustdal kyrkje. Invitasjon kjem i posten.

Solvang søndagsskule

Søndagsskulen på Solvang har starta oppatt! Vi held til i gymsalen på Sunnfjord Folkehøgskule. Vi skal følgje smittevernreglar og ha koronatilpassa søndagsskule. Det blir difor meir organisert leik i gymsalen, og ikkje så mykje frileik som vi har hatt tidlegare.

Oppmøte frå kl. 11.00. Vi startar med kaffi og leik, før samlingsstund og formidling.

Datoar i haust:

September: 13.09, 20.09 og 27.09
Oktober: 18.10
November: 01.11, 15.11 og 29.11
Desember: 06.12

Deciding

Deciding er Førde sitt tensingkor. Vi møtes i ungdomslokalet på Førde Kyrkjjetun kvar tysdag kl. 19:00.

Deciding har medlemmer frå 14 år og oppover. Koret treng både songarar, musikkarar og ungdom som er interessert i drama, dans og media. Vi legg opp til leik, moro, turar og konsertar/framføring, der målsetjinga er å skape eit trygt og uformelt ungdomsmiljø, leia av ungdom, men med ein eller fleire vaksne til stades..

Deciding vil gjerne ha fleire medlemmer, så likar du leik og leven, song og musikk, så kom innom og sjå om dette er noko for deg!

Korskulen i Førde kyrkje

Korskulen har fire kor, og alle øver i Førde kyrkje kvar tirsdag:

Knøttekor

(ca. 3,5 år til ca. 5 år - kl. 17.00 – 17.40)

Aspirantkor

(ca. 5.5 år – 2. klasse) – kl. 17.50 – 18.40

Jentekor (3. klasse og oppover)

– kl. 18.50 – 19.50

Ungdomskor

(frå 7. klasse og oppover) – kl. 20.00 – 21.00

Kora syng på gudstenester, Førde omsorgssenter, og held konsertar. Det er ikkje avklart om konsertane kan gjennomførast som tidlegare.

Har du lyst å bli med? Ta kontakt med dirigent Gro Gunnarson: gro.gunnarson@sunnfjordkyrkja.no, eller sjekk Facebooksida «Korskulen i Førde kyrkje»

Kontingent per semester er: Kr. 150,- i Knøttekoret og kr. 200,- i Aspirant og Jentekoret.

Tårnagentsamling i Haukedalen

Planen er å gjennomføre denne samlinga 17. oktober, men detaljar er ikkje klare. Invitasjon blir sendt ut i god tid.



BELLIS BLOMSTER

ALTI Førde | 57820722 | www.bellisblomst.no

Gode tilbod på flis, belegg, stein, ferdigplen, støttemur, kvit singel. Vi kan flislegging!

Boligkompaniet**

www.brufli.no tlf. 90 61 96 54



Olefine Conditori

Alltid ferske kaker, brød, bollar m.m.
Tlf. 57 72 41 40 - 6800 Førde

Velkommen til KFUK-KFUM Førde sitt arbeid blant barn, ungdom og vaksne skuleåret 2020/2021!

Motto: Ver deg sjølv. Stå opp for andre!



KFUK-KFUM speidarane

KFUK-KFUM speidarane har eit variert aktivitetstilbod med vekt på friluftsliv. Tilbodet er for jenter og gutar i 4. - 7. klasse, kvar torsdag kl. 18.30 – 20.00, med base på Førde kyrkjetun.

Kontaktperson:

Stig Jonny Fitje, tlf. 90082650.

Deciding, Førde Ten Sing

Samling kvar tysdag kl. 19.00-21.30 i på Førde kyrkjetun.

Kontaktperson: Gry Sætre, tlf. 48957734.

SportY Sunnfjord

Vidareutvikling av tidlegare «Ludus» med same mål og målgruppe; ungdommar frå 10. klasse t.o.m. vidaregåande skule. Arbeidsforma er ikkje-konkurranseretta idrett, friluftsliv og leik. På haustprogrammet står m.a. Stand Up Padling, klatring, tennis og vindsurfing i tillegg til hallaktivitet på Slåtten skule. Fast møtetid måndagar kl.19.00 – 20.30.

Kontaktperson:

Andreas Stokka, tlf. 48210437



Det nye styret i Deciding er frå venstre: Andrine Lundekvam, Emily Ljostveit, Sindre-Thomas Aasen Farsund, Hannab Baarøy og Emma Solheim. Foto: Gry Sætre

KFUK-gruppa

Samling for kvinner siste torsdag i månaden på Førde kyrkjetun med påfyll for ånd, sjel og kropp.

Nærare informasjon:

Solveig Masdal Haugsvær, tlf. 97153502.

Midtlivsaften

24. september kl. 20.00

Samling på Førde kyrkjetun 24. september - for kvinner og menn om lag midt i livet. Inneheld god mat og prat, underhaldning, song og kveldstankar.

Kontaktperson:

Hildur Thingnes, tlf. 90523305.

HELLENES
AUTOMATION - ELECTRICAL - MECHANICAL


PROTOLAB VEST

Gravminne finner du hos oss



FAGMILJØ

Firdavegen 20, 6800 Førde tlf. 57721060



Trusopplæring i Naustdal sokn

STØRST AV ALT

Spiren – Babysong på Naustdal kyrkjelydshus

Eit tilbod for born i alderen 0-1 år saman med foreldre. Song, musikk og rytmer for dei minste. Vi ynskjer at Spiren skal vere ein god og trygg stad å vere for store og små. Vi har gode matter som borna kan ligge på, men ta gjerne med eige teppe i tillegg.



Babysong haust 2020

(alle samlingane er på onsdagar):

30 september

14. (litt usikkert) og 28. oktober

11. og 25. november

Kl. 10.30 til 12.30.

Program frå 11.00 – ca. kl. 11.30

Ta gjerne med matpakke! Vi serverer te/kaffi/frukt.

4 år

- Samling for 4-åringar, 17. oktober kl. 15.00. Naustdal kyrkjelydshus.
- Utdeling av 4-årsbok, 18. oktober kl. 11.00. Naustdal kyrkje. Invitasjon kjem i posten.

Bibelutdeling

- Utdeling av Bibel 15. november kl. 11.00. i Naustdal kyrkje.
- Samling med bibel som tema, onsdag 18. november kl. 13.15. Invitasjon kjem i posten.

Vevring

- Utdeling av bøker, søndag 15. november kl. 15.00. Vevring kyrkje. Invitasjon kjem i posten.

Lys Vaken

Adventskveld for 11-åringar, 5. desember kl. 18.00 i Naustdal kyrkje. Invitasjon kjem i posten.



Statens vegvesen

Bilfører 65+

Velkomen til oppfriskingskurs for eldre bilførarar

Kor mykje betyr bilen for deg, når du skal dit du vil – når du vil? Kanskje betyr bilen meir for deg no enn før!

Alltid tilgjengelege kurs i Sunnfjord.

Påmelding www.vegvesen.no/65pluss eller tlf. 815 35 080 dersom du ikkje har e-postadresse.



Førde kyrkjetun har lokale som høver dei fleste arrangement:

- Selskap, konfirmasjon, barnedåp og bryllaup
- Barneselskap og åremålsdagar
- Minnesamvær
- Årsmøte, kurs/konferansar osv

Ta kontakt for bestilling eller tilbod:
Tlf. **99 15 13 07** eller fordekyrkjetun@gmail.com



RIKKEN

Langebruv. 26 (v/Domus)
Førde
Tlf. 472 56 398
eller 578 21 340

KUNSTNARMATERIELL
INNRAMMING
TRYKK

Her kan du annonsere i Helg og Heim!

Kontakt 47170011
arne.kleiva@gmail.com



- Din fotograf i Førde sidan 1946
57 82 19 77 / foto@reikvam.no
reikvam.no

Håjen tilbyr levering av mat til selskap, samt selskapslokale med servering, på Slettehaug i Naustdal.

Sjå vår heimeside:
www.haajen.no

Tlf. 57 81 82 60



HANDLAGA FRÅ
håjen



Følg oss på Facebook:
Håjen Kafé

AKTUELT I KYRKJELYDANE

Mange tiltak er usikre framover grunna koronasituasjonen. Følg med på heimesida www.sunnfjordkyrkja.no, facebooksidene til Førde kyrkje og Naustdal kyrkje, eller kontakt kyrkjekontora.

Opa kyrkje

Velkommen til opa kyrkje i Førde!

Kvar onsdag er det rom for lystenning, stille og bøn frå kl. 10.00 – kl.13.00. (Det er ikkje tidebøn kl. 12.00 slik som tidlegare.) I Naustdal er det for tida ikkje opa kyrkje.

Kyrkja i byen

Kvar onsdag frå kl. 14.00 – 16.00 sit ein person frå Førde kyrkjelyd på Skywalken mellom handelshusa i Førde, klar til ein prat. Velkommen!

10-kaffi

Endeleg er 10-kaffien i gang igjen!

Ein uformell samlingsplass for kaffi og drøs, kvar onsdag frå kl. 10.00 i ungdomslokalet på Førde kyrkjetun.

10-kaffien er eit samarbeid mellom Førde Frivilligsentral og Førde kyrkje.

Førde kyrkjekor

Førde kyrkjekor har øving i Førde kyrkje onsdagar kl. 19.00. Koret tek inn nye medlemmer! Har du spørsmål, er det berre å ta kontakt med dirigent Gro Gunnarson. gro.gunnarson@sunnfjordkyrkja.no.
VELKOMMEN!

Kyrkjeskys

Førde kyrkje hausten 2020

Treng du skys for å komme til kyrkje?

Dato / Ansvarleg / Telefon

4. oktober kl.11 / Elin og Gunnar Flatland / 90850245 / 91301371

18. oktober kl. 11/ Per Ingolf Nygård / 91819561

1. november kl. 11 / Gunnar Johannessen / 91727191

15. november kl. 11 / Elin og Gunnar Flatland / 90850245/91301371

22. november kl. 11 / Per Ingolf Nygård / 91819561

29. november kl. 11 / Gunnar Johannessen / 91727191

13. desember kl. 11 / Elin og Gunnar Flatland / 90850245/91301371

Dåp i Naustdal og Vevring

Datoar og påmeldingsskjema til dåp finn de på nettsida kyrkja.no/naustdal. Så lenge som det er grense kor mange som kan vere i kyrkja på same tid, set vi opp få dåp på kvar gudstenestee. Er det vanskar med å finne ein aktuell dato det er mogleg med dåp, kan de ta kontakt med sokneprest Rigmor Frøyen på mob. 489 57 436.

Frivillig i kyrkja?

Det er stadig behov for fleire frivillige i kyrkjelydane til små og litt større oppgåver. Kan du tenkje deg å gje litt av tida di? Kan du vere med å halde kyrkjeskysen i gong, hjelpe til på Spiren, vere tekstlesar eller vere med i besøkstenesta? Kontakt kyrkjekontora.

Gudstenester hausten 2020

Det blir tatt omsyn til koronasituasjonen ved alle gudstenester og andre arrangement, slik at det skal vere trygt å gå til kyrkje. Hugs å halde avstand og ta omsyn til andre. Og er du sjuk, må du halde deg heime.

Det kan bli endringar.

Følg med i Firda og på nettsida www.sunnfjordkyrkja.no!

GUDSSTENESTER UT NOVEMBER

SEPTEMBER

SØNDAG 27. SEPTEMBER

Haukedalen kyrkje kl. 11.00 Mikkelmesse

Førde kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste med dåp

Førde kyrkje kl. 13.00 Hausttakkefest med utdeling av fireårsbok

OKTOBER

SØNDAG 4. OKTOBER

Førde kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste

Vevring kyrkje kl. 15.00 Gudsteneste

SØNDAG 11. OKTOBER

Naustdal kyrkje kl. 11.00 Felles gudsteneste for Naustdal og Vevring. Soknemøte etter gudstenesta med forslag til ny gudstenesteliturgi.

Førde kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste

Holsen kyrkje kl. 15.00 Gudsteneste

SØNDAG 18. OKTOBER

Naustdal kyrkje kl. 11.00

Familiegudsteneste med utdeling av bok til 4-åringar

Førde kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste.

Soknemøte etter gudstenesta med forslag til ny gudstenesteliturgi.

Haukedalen kyrkje kl. 15.00 Gudsteneste.

Soknemøte etter gudstenesta med forslag til ny gudstenesteliturgi.

Hus og kjøkken
– din leverandør i Sogn og Fjordane
Gravdalgruppa
Tlf. 57 72 17 00 – www.gravdal.no

FARGERIKE
NOREGS LEIANDE FARGE- OG INTERIØRKLJEDE
Førde Fargehandel %
Tlf. 57 82 99 50
DIN LEVERANDØR AV MÅLARVARER

Astrid
Blomster
Elvetorget, Førde
Tlf. 57 82 17 05
astrid.blomster@interflora.no

ALT I ● SPORTSKLEDE
● SPORTSUTSTYR
● BARNEUTSTYR
Erdal Sport
INTERSPORT
Førde



Sidan sist:

TORS DAG 22. OKTOBER 2020

Førde kyrkje kl. 19.00 Kvardagsmesse

BOTS- OG BEDEDAG SØNDAG 25. OKTOBER

Førde kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste
 Vevring kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste
 Førde kyrkje kl. 13.00 Dåpsgudsteneste
 Instedalen skule kl. 15.00 Gudsteneste
 Førde kyrkje kl. 17.30 Familiegudsteneste
 «Søndag for alle»

NOVEMBER

HELGEMESSESØNDAG 1. NOVEMBER

Førde kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste
 Førde kyrkje kl. 13.00 Dåpsgudsteneste
 Førde kyrkje kl. 16.00 Minnegudsteneste
 Naustdal kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste

SØNDAG 8. NOVEMBER

Førde kyrkje kl. 11.00 Konfirmantsøndag
 Holsen kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste

SØNDAG 15. NOVEMBER

Førde kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste
 Naustdal kyrkje kl. 11.00 Familiegudsteneste med utdeling av bibelbok
 Haukedalen kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste
 Vevring kyrkje kl. 15.00 Familiegudsteneste. Utdeling av bøker til barn.

SØNDAG 22. NOVEMBER

Førde kyrkje kl. 11.00 Gudsteneste
 Førde kyrkje kl. 17.30 Familiegudsteneste «Søndag for alle»

TORS DAG 26.1 NOVEMBER

Førde kyrkje kl. 19.00 Kvardagsmesse

1. SØNDAG I ADVENT 29. NOVEMBER

Førde kyrkje kl. 11.00 Lys Vaken
 Naustdal kyrkje kl. 19.00 Lysmesse med konfirmantar

Konfirmasjonar

Når bladet kjem i posten, er konfirmasjonane som vart utsatt pga av koronasituasjonen, godt i gang. Helg og Heim ønskjer alle konfirmantar og konfirmantforeldre til lukke!

DØYPTE

FØRDE KYRKJE

10.05 Aksel Myklebust Edvardsen
 Olav Blehr
 Øyvind Sirnes
 Eirik Nesbakk Orkelbog
 31.05 Eik Frøholm Aaland
 Henrik Hove Oppedal
 Olav Reiakvam Ramstad
 Leah Nervik
 Agnes Nelliane Årdal
 14.06 David Mosevoll Steiner
 Lia Vie Vassest
 Elvira Balsnes Olsbø
 21.06 Elvin Haug Støylene
 Oline Henden-Pedersen
 Agnes Blom Sandnes
 Sigrid Blom Sandnes
 28.06 Luka Alværen Totland
 Mari Herland Bruland
 Christen Støfring Isene
 Maja Kleppe Dahl
 26.07 Peder Nes Rekdal
 Ikér-Mattheo Villarroel Skarbø
 09.08 Tiril Røneid Fredly
 Theodor Anseth Nilsen
 Frida Stokkebekk
 16.08 Liam Tefre Fluge
 Isak Bruland Selland
 Nora Tefre Solheim
 23.08 Thea Eide Bjørvik
 Sofie Marskar-Strønen
 Ylva Lillehaug Rønning
 Liam Alexander Lillehaug Rønning

Førde kyrkje, stadfesting av dåp

28.06 Mattheo Kleppe Dahl

HOLSEN KYRKJE

14.06 Jens Nomeland Dvergsdal
 23.08 Sander Aase Sæterdal

HAUKEDALEN KYRKJE

30.05. Adrian Ness Tretteteig

NAUSTDAL KYRKJE

31.05 Lavrans Finsrud
 21.06 Liva Hovland Slettemark
 Malin Sæbø
 19.07 Aslak Lyngstad Smådal
 Sakarias Lois Skansberg
 Mattheo Seielstad Fimland
 Leah Veline Ospehaug Ustad
 22.08 Nora Osland-Ljostveit

VIGDE

FØRDE KYRKJE

04.07 Diana Maria Myrekrok Svarstad og
 Jørn Harry Kjelsnes Frivik

HAUKEDALEN KYRKJE

30.05 Ingvill Ness og
 Vidar Mårstig Tretteteig

HOLSEN KYRKJE

23.08 Andrine Aase og
 Einar Hove Sæterdal

GRAVFERD

FØRDE KYRKJE

29.04 Toril Marie Tyvold f. 1956
 05.05 Margot Terese Masdal f. 1929
 22.05 Annlaug Elfrida Gulli f. 1942
 26.05 Audun Holme f. 1936
 Adolf Indrebø f. 1928
 29.05 Hallgjerd Viken f. 1930

05.06 Trond Kato Johannessen f. 1965
 09.06 Joar Birkeland f. 1967
 11.06 Erlend Aven Svalheim f. 1986
 16.06 Olav Ingolf Brede f. 1938
 18.06 Aasmund Oddvar Aasen f. 1936
 19.06 Gunnar Birger Reinsnos f. 1944
 25.06 Borgny Kristine Søreide Wie f. 1931
 30.06 Kristian Bremstein f. 1924


14.07 Magny Petra Herland f. 1953
 17.07 Åshild Borlaug f. 1947
 22.07 Arne Johan Øvrebø f. 1953
 24.07 Olaug Joleik Kirkebø f. 1930

18.08 Roald Alfred Amundsen f. 1928
 20.08 Audun Indrebø f. 1943

NAUSTDAL KYRKJE

12.05 Ove Arvid Semshaug f. 1948

10.07 Magne Ivar Undeland f. 1957
 17.07 Kjellaug Frammarsvik f. 1925



Returadresse
Førde kyrkjekontor
Kyrkjevegen 23F
6809 FØRDE

Bladpengar Helg og Heim 2020

Kjære lesar!

STOR TAKK til deg som betaler for «Helg og Heim»!

Vi har ikkje giro i bladet dette året. I staden kjem vi med denne oppfordringa til å bidra med å halde bladet i gang. Om du saknar giroen og treng hjelp, kan du kontakte kyrkjakontora. Bladpengane på kr. 275,- er frivillig. Dersom du vil gje ei gåve utover dette, er vi er takksame for det.

Bladpengane går til å dekke kostnader til formgjeving, trykking og utsending av bladet. Det ligg mykje arbeid bak kvart nummer, og det meste er gjort på dugnad. Bladet vert sendt til alle husstandar i det som var kommunane Førde og Naustdal.

BLADPENGAR KR. 275,-

BANKKONTO: 3705.15.33896

Merk innbetaling med Helg og Heim.

VIPPSNR. 591 431

Helg og Heim kyrkjelydsblad

Med helsing styret for Helg og Heim

Sorggruppe – for deg som har mista ein som stod deg nær

Ein stad der sorg og sagn kan få plass – men også håp og livsmot.

Sorggruppe er eit tilbod til deg som har mista ein nærstående. Støttegruppa vil vere ein stad der du kan dele tankar og erfaringar med andre som opplever liknande situasjon.

Gruppesamlingane vil vere kvar andre veke kl. 18:30–20:00

Oppstart: Tysdag 29.9. 2020

Stad: Lærings- og meistringsenteret, Vievegen 1, Førde (ved Rema 1000).

Sorggrupper er eit samarbeid mellom Sunnfjord kommune, Helse Førde og kyrkja.

*Ingvar Vagstad
Diakoniarbeidar*



Home-Start Familiekontakten

Opplever du utfordringar i rolla som småbarnsforeldre? Eller har du litt tid til overs og likar å vere saman med barn og foreldre?

I begge tilfelle kan Home-Start Familiekontakten Sunnfjord vere svaret!

Sunnfjord kyrkjelege har driftsansvar for Home-Start Familiekontakten Sunnfjord. Etter kommunesamanslåinga 1. januar 2020 er HSF eit tilbod i heile Sunnfjord kommune, og vi tilbyr støtte og hjelp til fami-

liar som sjølv ønskjer det, og som har minst eitt barn under skulealder.

Hjelpa blir ytt av frivillige familiekontakter som kjem heim til familien ein gang i veka, 2-4 timar kvar gang i ein periode på omlag seks månader. Tilbodet er gratis.

Ønskjer du å vite meir? Ta kontakt med diakon/koordinator for HSF Inger Cesilie Fitje. Tlf. 57 82 81 80/908 947 88. E-post: inger.cesilie.fitje@sunnfjordkyrkja.no

Facebook: Home-Start Familiekontakten Sunnfjord
<https://home-start-norge.no/>

Norgeskoret Via Vitae til Førde

Via Vitae er et samlingsbasert a cappella-kor bestående av talentfulle, unge sangere fra hele landet.

Fem ganger i året samles koret på ulike steder i Norge for å øve og opptre. 13-15. november går turen til Førde! Der skal vi holde konsert sammen med

Ung Kirkesang Regionalt ungdomskor Vest.

Konsert, lørdag 14. november i Førde kyrkje kl 18.00

Billettpriser: 200,- (ordinær) og 100,- (barn og studenter). Billetter selges i døra. Arrangementet vil gjennomføres i tråd med gjeldende retningslinjer for smittevern.



Lokale til leige på Naustdal kyrkjelydshus

Har du ein dag som skal feirast? Fyller du rundt år, eller er det barnedåp eller konfirmasjon i familien? Kyrkjelydshuset i Naustdal har fleire lokale til leige. Vi leiger også ut til ulike organisasjonar, m.a. til årsmøte.

Kontakttelefon **40 84 54 36**.

E-post: kyrkjelydshusetnaustdal@gmail.com